



Arkivsaknr: 2025/5314-3
Sakshandsamar: Andris Hamre
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Val av midlertidig varaordfører og settemedlemmer i samband med permisjon

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

_____ blir vald som ny varaordfører i tida Hamre Sekkingstad har permisjon.

Nina Bognøy, i eigenskap av ordfører, blir vald til leiar i forhandlingsutvalet.

Som ny nestleiar i Administrasjonsutvalet blir _____ vald.

Som medlem i Alver kommunestyre blir _____ vald.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Sara Hamre Sekkingstad (Sp) har søkt fritak frå sine verv som folkevald i Alver kommune. Under føresetnad av at kommunestyret innvilgar fritak må det veljast settemedlem for Hamre Sekkingstad i kommunestyret, som leiar av forhandlingsutvalet og som nestleiar i administrasjonsutvalet.

Hamre Sekkingstad er vald ordfører for Alver kommune. Jf. kommunelova § 6-2, 4. ledd rykker Nina Bognøy opp som ordfører.

Som følge av at Nina Bognøy (Ap) rykker opp som ordfører må kommunestyret velje ny varaordfører for den perioden Hamre Sekkingstad er friteke frå sine politiske verv.

Val av settemedlem

§ 7-11 i kommunelova regulerer val av settemedlem når ein folkevald er innvilga fritak:

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller

fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Det samme gjelder hvis det er gitt et tidsubestemt fritak som antas å vare mer enn tre måneder.

Settemedlemmet skal velges fra den samme gruppen som det fritatte medlemmet tilhørte.

Ved valg av settemedlem etter første ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges.

Gruppen skal deretter informere kommunestyret eller fylkestinget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.

Ved valg av settemedlem til arbeidsutvalg kan gruppen i det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget. Det folkevalgte organet skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.»

Det er i denne saka lagt til grunn at fritaksperioden vil vare meir enn tre månader.

Kommunedirektøren rår difor til at det blir vald settemedlem for Hamre Sekkingstad i rolla som nestleiar i Administrasjonsutvalet.